

Retningsliner for handsaming av søknader om tilskot til Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

Stranda kommune 2024-2027



Innhald

Føremål.....	3
Finansiering	3
Søknader	3
Vilkår.....	4
Sakshandsaming	4
Prioriteringar for perioden 2024-2027	5
Innleiing	5
Kva SMIL-midlane kan nyttast til.....	5
Spesielle utfordringar i Stranda.....	6
Målsetjingar for bruken av SMIL-midlar.....	8
Prioritering	8

Føremål

Dei sentrale retningslinene er gitt i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruksdelen* (FOR-2004-02-04-448). Føremålet med tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruksdelen er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbruksdelen kulturlandskap og å redusere ureininga frå jordbruksdelen, utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift. Prosjekta og tiltaka skal prioriterast ut i frå lokale målsetjingar og strategiar.

Føremålet med dei kommunale vedtekta er altså å gi lokale retningsliner for prioritering av søknader innanfor SMIL-ordninga.

Midlane skal forvaltast i tråd med forskrift og føringer gitt i nasjonalt miljøprogram for landbruksdelen.

Finansiering

Ordninga vert finansiert av årlege overføringer frå Møre og Romsdal fylke. Overføringsane, alle renter, og inndregne midlar kan nyttast, og må disponerast i samsvar med forskrifta.

Ved fordeling av tilskott mellom kommunane i fylket er prioriteringa gjort på grunnlag av:

- Tal søkerar av produksjonstilskot
- Aktiviteten i kommunen året i førevegen
- Kommunen sine retningsliner for SMIL
- Innmeldt behov for midlar frå kommunen i tildelingsåret

Søknader

Utforming av søknader og vedlegg skal vere i samsvar med krava i forskrifta for ordninga.

Søknader til SMIL-ordninga kan etter omlegginga til nytt fagsystem (AGROS) sendast inn kontinuerleg via Altinn:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruks-smil/>

Kommunen vil likevel setje ein frist for søknad kvar år litt avhengig av når tildelingsbrevet frå Statsforvaltaren vert sendt ut. Grunngjevinga for dette er at ein slik frist er naudsynt for å få ei rettferdig fordeling av midlane og som ikkje byggjer på først-til-mølla-prinsippet.

Vilkår

Tilskott kan innvilgast til føretak som fyller følgjande krav:

- Det er **produksjon på landbruksseigedommen** som gir rett på tilskott, og som oppfyller vilkåra i [forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskott i jordbruket](#) § 2 og § 3 eller § 4. Tiltak som ikkje er direkte relaterte til jordbruksproduksjonen (t.d. kulturminne) kan ikkje utan vidare rekne med tilskott dersom areala på tilhøyrande bruk er leigde ut.
- Det må ligge føre **løyve frå eigar** av landbruksseigedommen til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i sentral forskrift § 4 og § 5.
- Søkjar må oppfylle vilkåra i [forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging](#).
- Søkjar må føre journal over **plantevernmidlar** som er nytta, med opplysningar om namn på plantevernmiddelet, tidspunkt for behandling og dosen som er nytta, og det området og den veksten plantevernmiddelet vart nytta på, jf. [Forskrift om plantevernmidlar](#) (FOR-2015-05-06-455).
- Søkjer må vidare ha **kart** over jordbruksareala føretaket til ei kvar tid disponerer, og andre areal som føretaket disponerer eller som er av betydning for eller som er påverka av jordbruksdrifta. Kulturminne, område som er viktige for biologisk mangfald, areal med risiko for tap av jord og næringsstoff og andre forhold av miljømessig betydning skal vere kartfesta og skildra.
- Dersom areala er leigde bort må **søkjar** kunne dokumentere at vilkåra i kulepunkt 1-4 er oppfylte.

Sakshandsaming

Kommunestyret fastset lokale retningsliner (desse) for prioritering av søknader om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Retningslinene skal vere drøfta med Statsforvaltaren og faglaga i jordbruket lokalt. Retningslinene skal rullerast kvar valperiode, eller ved behov.

Kommunedirektøren/rådmannen har høve til å opprette ei *rådgjevande gruppe* for drøfting av omfattande prosjekt, prinsipielle problemstillingar og prioriteringar i høve til ordninga. Gruppa skal vere sett saman av ein representant frå faglaga i kvart bygdelag (Stranda, Sunnylven, Liabygda og Geiranger), einingsleiar – eining for kultur og fritid/bibliotek og ein representant oppnemnt av kommunen.

Ein skal nytte kommunen og Statsforvaltaren sin kompetanse innan landbruk, kultur og miljø i sakshandsaminga.

Løyving av tilskot vert gjort administrativt. Prinsipielle saker vert lagt fram for *Rådgjevande gruppe*. Det skal utarbeidast ein årleg rapport for bruken av midlane som skal leggjast fram for utvalet for Miljø- og kommunalteknikk (MK) dersom dei ber om dette.

Rapportering og oppmoding om utbetalingar frå søkjar skal gjerast gjennom same portalen som søknaden, dvs. AGROS/Altinn.

Prioriteringar for perioden 2024-2027

Innleiing

Bygdelaga Stranda, Sunnylven, Liabygda og Geiranger utgjer Stranda kommune.

Kulturlandskapet i desse bygdene strekkjer seg frå fjorden, gjennom dalføre og til høge fjell. Storfjorden, Sunnylvsfjorden, Geirangerfjorden og områda ikring er høgt skatta reisemål for turistar både frå eige land og heile verda, m.a. på grunnlag av eit kulturlandskap som vert halde i hevd.

Stranda kommune har eit levande landbruk. Det var 78 føretak som søkte om produksjons-tilskot i 2023. Hovudproduksjonane er mjølkeproduksjon med ku og geit, og kjøtproduksjon med storfe og sau. Kommunen har òg bruk (2) som driv med kraftførkrevjande produksjonar som svinekjøt.

Strukturen i landbruket er i endring; driftseiningane vert større og større. Med det vert det også færre og færre som står for det kontinuerlege vedlikehaldet av kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og kulturminna. Effektiviseringa i landbruket gjer at husdyra vert konsentrerte i enkelte område, og at dei mest tungdrivne areala vert marginaliserte. Areala som *er* i drift vert drivne meir intensivt, både med omsyn til slått og beiting. Effektivitetskravet i landbruket gjer også sitt til at kvar enkelt gardbrukar har mindre kapasitet til å ta vare på ulike miljøkvalitetar, som ikkje har direkte betydning for den økonomiske utkoma frå drifta.

Kulturlandskapet vårt, slik dei fleste ønskjer å sjå det, er basert på eit aktivt jordbruk. Utan eit jordbruk som nyttar areala som grunnlag for sine primærprodukt, kan ikkje sekundærproduktet, kulturlandskapet, oppretthaldast anna enn som små ”frimerke”. Eit aktivt landbruk er difor viktigaste garanti for at Stranda kommune også i framtida skal ha eit ope kulturlandskap med høge miljøkvalitetar.

Kva SMIL-midlane kan nyttast til

Føremåla ein kan nytte SMIL-ordninga til er:

1. **Kulturlandskap** – for å ta vare på jordbruks kulturlandskap utover det ein oppnår gjennom dei nasjonale ordningane.
2. **Biologisk mangfold** – for å ta vare på utvalde naturtypar, trua naturtypar og biologisk verdfulle areal i jordbruksk.

3. **Kulturminne og kulturmiljø** – for å setje i stand, og halde synleg spor i landskapet etter tidlegare tiders jordbruksdrift og busettnad, slik som verneverdige bygningar, gravminne og rydningsrøyser.
4. **Friluftsliv** – for å ta vare på tilgangen for ålmenta og å medverke til å halde ved like ein «grøn infrastruktur» i jordbrukets kulturlandskap.
5. **Avrenning til vatn** – for å redusere avrenning av næringsstoff og partiklar til vassdrag og kyst. Tiltaka er viktige for å bidra til at måla etter vassforskrifta vert nådde.
6. **Utslepp til luft** – for å stimulere til gjødslingsmetodar som gir redusert utslepp av ammoniakk og lystgass.
7. **Plantevern** – for å stimulere til bruk av andre metodar for ugrastyning enn kjemiske plantevernmidlar.

Lokale retningsliner

Eit føremål med ordninga er å få ei best mogleg målretting av innsatsen og tiltaka på bakgrunn av lokale miljømessige behov og utfordringar. Kommunen skal fastsetje retningsliner for prioritering av søknader. Tilskot til prosjekt og tiltak skal prioriterast ut frå desse retningslinene. Men lokale retningsliner kan ikkje innskrenke eller utvide føremålet, verkeområdet og vilkåra i forskrifta.

Spesielle utfordringar i Stranda

Kulturlandskapet vårt, slik dei fleste ønskjer å sjå det, er basert på eit aktivt jordbruk. Utan eit jordbruk som nyttar areala som grunnlag for sine primærprodukt, kan ikkje sekundærproduktet, kulturlandskapet, oppretthaldast anna enn som små, spreidde teigar. Eit aktivt landbruk er difor viktigaste garanti for at Stranda kommune også i framtida skal ha eit ope kulturlandskap med høge miljøkvalitetar.

Utfordringane i Stranda er fleire:

- **Mykje brattlendte areal**
Stranda kommune har mykje tungdrive jordbruksareal i bratt terreng, ikkje berre langs fjorden, men òg i dalføra.
- **Attgroing**
Store utmarksareal er i ferd med å gro att, mellom anna på grunn av redusert beitetrykk.
- **Mangefullt gjerdehald**
Med fleire nedlagde bruk vert det òg dårligare gjerdehald. Dette skaper vanskar for dei aktive gardbrukarane som vil ha dyr på utmarksbeite.
- **Mykje leigejord**
Mykje av jordbruksareala i drift i Stranda vert drivne som leigejord.

SSB oppgir følgjande for 2020:

	Jordbruksareal i drift i alt	Leigd jordbruksareal i drift	Leigd jordbruksareal i drift i prosent av jordbruksareal i drift i alt	Jordbruksbedrifter i alt	Jordbruksbedrifter med jordleige	Jordbruksbedrifter med jordleige i prosent av jordbruksbedrifter i alt
	2020	2020	2020	2020	2020	2020
1525 Stranda	16 902	8 073	48	87	67	77

Kjelde: [SSB](#).

Statsforvaltaren) oppgir for 2023 om lag 58 % i Møre og Romsdal i 2023 og om lag 55 % i Stranda).

Det er generelt ein tendens til at eiga jord vert stelt meir omsorgsfullt (kantslått o.l.) enn leigd jord.

- **Stranda er rik på kulturminne**

Kommunen har fleire kulturminne som kan vere aktuelle objekt for bruk av SMIL-ordninga, men tildelinga av midlane strekk ikkje til.

Det aller meste av kulturminna er no kartlagde i regi av prosjektet Kulturminneplan for Stranda kommune (<https://www.stranda.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturminneplan/>) som skal nyttast ved prioritering av søknader. Ein skal også bruke Riksantikvaren sin database over freda kulturminne og kulturmiljø (<https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Data-og-tjenester/Askeladden>) i vurderinga.

- **Mange nedlagde og fråflytta gardar langs Storfjorden**

Det er mange slike bruk langs Storfjorden, og mange av desse representerer høge kulturlandskapsverdiar. SMIL-ordninga dekkjer ikkje alle desse. Men her har kommunen stor nytte av verdsarvmidlane og arbeidet til Storfjordens Venner.

- **Mange førekomstar av areal med stort biologisk mangfald, gamle kulturmarker og ”kulturlandskapsartar” i tilbakegang**

I fleire område langs fjorden er det påvist område med stort biologisk mangfald (jf.: <https://kart.naturbase.no/>). Dette er krevjande å ta vare på etter SMIL-ordninga fordi slike førekomstar først og fremst finst på ekstensivt drivne bruk, på nedlagde bruk eller i utmark, medan SMIL-midlane som hovudregel skal gå til aktive bruk.

- **Nedbørrikt klima som set høge krav til drenering**

I eit nedbørrikt klima som vårt, er det viktig å sørge for at avskjeringsgrøfter og andre hydrotekniske tiltak er godt nok dimensjonerte og haldne ved like. Dette er ofte kostnadskrevjande tiltak. I Stranda vert det nytta SMIL-midlar til avskjeringsgrøfter.

- **Landskapsvern og verdsarv**

Stranda kommune er medforvaltar i eit landskap som er av internasjonal verdi (jf. Geiranger-Herdalen landskapsvernområde, Verdsarvstatus og Nasjonal turistveg Trollstigen-Geiranger) med dei plikter og ansvar dette medfører.

Målsetjingar for bruken av SMIL-midlar

- Støtte søknader som sikrar betre gjerdehald
- Medverke aktivt til å støtte framhald av drift i verdfullt, men tungdrive kulturlandskap.
- Medverke til auka samarbeid og kreativitet i bygdelaga ved å støtte planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Dette er prosjekt av så stort omfang at det er naturleg og viktig å gå gjennom ein grundig planleggings- og tilretteleggingsfase ("forprosjekt") før iverksetjingsfasen ("hovudprosjekt").
- Gjennom SMIL-midlane skal vi motverke attgroing, tap av biologisk mangfald og forfall av gamle bygningar og kulturminne.
- SMIL-midlane skal medverke til å redusere ureining fra landbruket. Det skal leggjast særleg vekt på å stoppe eller hindre utslepp av gjødsel og press-saft til vatn. Dernest er det viktig å redusere erosjon og utvasking forårsaka av vatn på avvegar.
- SMIL-midlane kan nyttast til å betre allmenta sine moglegheiter til ferdsel og opplevingar i jordbruket sitt kulturlandskap.

Ein viser elles til Landbruksplan (Del I) for Stranda kommune.

Prioritering

- Søknader knytt til landbrukseigedommar i drift skal normalt prioriterast framfor eigedommar som ikkje vert drivne. Med eigedommar i drift meiner ein også eigedommar der areala vert leigde ut, men som vert drivne på tilsvarande måte som på dei aktive landbrukseigedommane (dvs. eigedommar registrerte som 'Aktiv' i landbruksregisteret).

Grunngjeving: Tilgangen på SMIL-midlar har vore fallande og knappe dei seinare åra, og ein bør difor generelt prioritere eigedommar som enno er aktive. Men dette er ikkje til hinder for at ein kan prioritere tiltak på ikkje-aktive bruk. På mange slike bruk finn ein ofte verdiar SMIL-ordninga har til føremål å sikre, t.d. biologisk mangfald. Når det gjeld tiltak som er meir perifere med tanke på føremålet med SMIL, t.d. visse tiltak på kulturminneområdet, kan ein ikkje utan vidare rekne med støtte dersom dette er på ikkje-aktive bruk.

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt bør prioriterast framfor dei andre tiltaksgruppene. Pågangen etter slike midlar er så ujamn at ikkje er tenleg å setje opp nokon prosentsats. Enkeltsøknader som er utgreidde gjennom slike prosjekt bør prioriterast.

Grunngjeving: God planlegging gir som oftast høgare/betre kvalitet på sluttresultatet.

- Fellestiltak skal prioriterast framfor einskildtiltak dersom dei elles er likeverdige med omsyn til måloppnåing.

Grunngjeving: Ein oppnår ofte større effekt av fellestiltak.

- Etter SMIL-ordninga kan det ikkje løvvast tilskot til tiltak og prosjekt med godkjent kostnadsoverslag mindre enn 5 000 kr.

Grunngjeving: Ein legg til grunn at tiltak av såpass avgrensa omfang bør kunne finansierast fullt ut av søkjar.

Prioritering mellom dei ulike tiltaka etter SMIL-ordninga er sette opp i tabellform. Av tabellen går det fram kor stor del av den totale løyvinga som bør gå til dei ulike tiltaka, og vidare kva prioriteringskriterium som skal nyttast for å skilje mellom søknader innanfor same tema. Det går vidare fram kva støttesatsar som kan gjevast til ulike tiltak. Desse er rettleiande.

Tema	Pri-or-i-tet	Gjennom-snitts-andel (%)	Prioriterte søknader innanfor temaet	Rettleiande støttesats (%)
Planleggings- og tilretteleggings-prosjekt	4	-	<ul style="list-style-type: none"> Godt funderte målsetjingar og handlingsplanar Realistiske budsjett og finansieringsplanar 	Inntil 100
Kulturlandskap	a) Beite-rydding og gjerding	1	<ul style="list-style-type: none"> Innmarksbeite prioritert framfor utmarksbeite Fellestiltak har høg prioritet Tilgjenge for allmenta Tiltak med som dokumenterer grundige vurderingar m.o.t. heilskapstenking og landskapsrom Areal registrerte med høg kvalitet av biologisk mangfald og der beiting fremtar slike verdiar 	10-60
	b) Tungvint skjøtsel av verdifullt kulturlandskap	2	<ul style="list-style-type: none"> Areal registrerte med høg kvalitet av biologisk mangfald God tilgjenge for allmenta (både i høve til geografisk plassering og innstillinga til søkjaren) Søknader som kan vise til god heilskapstenking med omsyn til verdifulle landskapselement og landskapsrom 	10-50
Kulturminne og kulturmiljø	5	10	<ul style="list-style-type: none"> Prioriteringa skal gjerast opp i mot Kulturminneplan for Stranda kommune Tilgjengelege for allmenta Bygnigar med inntektpotensiale Våningshus er ikkje prioritert 	10-50
Friluftsliv, dvs. tiltak som betrar tilgjenge i kulturlandskapet		5	<ul style="list-style-type: none"> Tiltak som i stor grad er i jordbruket sitt kulturlandskap. Tiltak som gir størst auke i tilgjenge for flest personar i høve til tilskottet 	10-50
Avrenning til vatn/tiltak mot ureining/hydro-tekniske tiltak	3	20	<ul style="list-style-type: none"> Tiltak mot utslepp av gjødsel eller press-saft til vatn inkl. lager for rundballar¹ Hydrotekniske tiltak Tiltak som gir størst reduksjon i ureining for pengane Fellestiltak 	10-50
Utslepp til luft	6	5	<ul style="list-style-type: none"> Gjødslingsmetodar som gir redusert utslepp av ammoniakk og lyngass. 	10-30

¹ Det kan berre gjevast støtte til eitt rundballelager pr. bruk, og dette skal vere permanente lager. Lageret må vere plassert slik at det ikkje representerer fare for ureining til bekk/vassdrag og slik at det ikkje skaper trafikkale utfordringar. Berre kostnader til gjerde/innhegning (ikkje opparbeiding av arealet t.d.) kan takast med i kostnadsoverslaget.

Plantevern	7	5	• Bruk av andre metodar for ugrastyning enn kjemiske plantevernmidlar	10-30
-------------------	---	---	---	-------

Støttesatsane kan variere frå år til år, og det har m.a. følgjande årsaker:

- Endringar i rammevilkår (storleiken på overføringa til SMIL frå Landbruksdirektoratet til fylka)
- Statsforvaltaren si prioritering *mellom* kommunane i fylket
- Tal søknader som kjem inn til kommunen og kostnaden på desse
- Prioriteringa i kommunen (Rådgjevande gruppe) – streng prioritering vs. ”ostehøvel-prinsipp”, særlege prioriteringar i ein skilde år (”kampanjar”) m.m.

Støttesatsane er difor berre *rettleiande*.

Stranda kommune følgjer eit prinsipp for oppsett av kostnadsoverslag for ulike tiltak som er basert på **standardsatsar**, t.d. tilskott pr. løpmeter gjerde. Desse retningslinene (*Infoblad SMIL og Tiltak i beiteområde*) vert reviderte kvart år saman med *Rådgjevande gruppe for SMIL*, og gjort tilgjengeleg for søkerane. Grunngjevinga er at ein med dette oppnår ei meir rettferdig tildeling av tilskott.